

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

Tryggleik i trafikken.

Vi har motteke informasjon om at det er fleire born som må stå i midtgangen på bussen både til og frå skulen. Dette gjeld særskilt bussen til og frå Tofteøy, men det er også meldt om slike tilfelle på andre strekningar. Vi vil med dette gjere Skyss merksame på dette problemet og ynskjer at de tek grep for å auka tryggleiken til borna våre på bussen.

Fylkesordføraren:

Bussen fra Sæle snuplass om morgonen til Stranda/Sund har hatt for mange reisande. Det er i september arbeidd med tiltak her, og blir etter haustferien sett inn ekstra minibuss på strekninga der det er kapasitetsmangel. Passasjertala viser at dette berre unntaksvis er ei utfordring etter skulen, så her er det avventa med å setje inn ekstra produksjon.